

Lindås kommune

5914 Isdalstø

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
22. 09. 2014	
Ark. saksnr.	Løpenr.
Saksnr.	Tilgangskode

Knarvik 20.9.14

MERKNADER TIL OMRÅDEPLAN FOR KNARVIK.

Under pkt. 5.2 i Områdeplanen heiter mellom anna sitat: « Overordna mål for kommunedelplanen som gjeld utvikling av Knarvik sentrum:

- Ein funksjonell og trivelig by med lokalt særpreg, og med vekt på estetikk og miljø i alle løysingar.»

Noko meir konkret er ikkje referert. Eg håpar og trur at dette medfører at det vert lagt vekt på våre lange tradisjonar med bruk av stein. Stein kan brukast til grunnmurar, fasadar og til tørrmurar i og rundt ulike anlegg.

Lokalt særpreg tilseier også at enkelte bygg ikkje kan ha 11 etasjar, men må reduserast kraftig. Det må stillast strenge krav til dei ulike utbyggjarane om at bygga skal harmonera arkitektonisk i høve til kvarandre og gje eit heilskapleg inntrykk. Slik sentrumsområda i Knarvik framstår i dag, er dei utan heilskapleg inntrykk og med eit virvar av stilartar og slett ikkje noko vakkert syn. Det bør lagast fleire små grønne «lunger» og setjast av areal til leikeområder i sentrum. Dette kjem i tillegg til Kvassnesstemma og området rundt den.

Det er bruk for eit kulturelt fleirbrukshus, i Knarvikbyen, som må innehalde bibliotek, kino og konsertsal til glede og nytte for heile Nordhordland.

Vedrørande trafikk og E39 er det viktig å ta mest omsyn til dei mjuke tafikkantane og leggja til rette for at dei lettast og utan omvegar, kan kryssa E39. Overgangar eller undergangar må også vera rettast mogleg slik at det ikkje vert bratte stigningar opp eller bratte bakkar nedover, for å kryssa E39. Slik kryssinga skjer i dag med bratte bakkar ned til undergangane, gjev dei vanskeleg tilgjengje for rørslehemma.

Den nye bussterminalen bør leggjast øst for sentrum, mot Gjervik. Her er store areal og difor mogleg å få ein bussterminal for framtida. Bussane vil då gje lettare tilgjenge for passasjerar frå østre delen av Knarvik. Dersom det vert for lang avstand til bussen, frå denne delen av Knarvik, vil pendlarar og andre reisande velje bilen i staden for bussen. I tillegg er det også mogleg å planleggja på lenger sikt for ein bybaneterminal.

Helsehus/helsetorg må få enkel tilkomst til E39 for å gjere det lettare og raskare for ambulansar og utrykkingskjøretøy å kome fram. Slik det er i dag, er det kronglete framkomst med mange 90 graders svingar, som sinkar farten og er ei påkjenning for pasientane.

Fortetting av Knarvik sentrum vil medføre større slitasje på området i og rundt Kvassnesstemma. Saknar konkrete planar for området. Korleis er dette området tenkt brukt? Er grensene for området, slik dei er i dag, endelege? Kan vi vera sikre på at det ikkje er snakk om å ta «bitar» til utbygging? Vil det setjast i gang registrering av mangfaldet av dyr, fuglar og plantar? Pr i dag er Kvassnesstemma ureina med fisk som ikkje høyrer til i vatnet. Nokon har sett ut «Gullfiskar» og bestanden har

mangedobla seg på kort tid.

Vipa er ein fugleart som tidlegare hekka ved vatnet, men har ikkje vore å sjå dei siste 5-6 åra. Vipa har også vorte borte frå området rundt Lonena. Difor er det viktig å vite kva planar kommunen har for området og kva eventuelle inngrep vil føre til for vatnet samt for flora og fauna. Og ikkje minst er det viktig å vite kva området inneheld av mangfold og kva som har risiko for å bli borte.

Sjølv om dette siste avsnittet ikkje direkte kjem inn under Områdetplanen meiner eg det hører med likevel. Det vedkjem i høgste grad Kvassnesstemma. Tidlegare, før utbygginga av byggefeltet Såta I, kom det opp sjøaure i Kvassnesstemma. Ved utbygginga vart elveløpet frå vatnet til sjøen øydelagd. Seinare, på 1990-talet vart det også bygd ein demning og dermed enda eit hinder som gjorde at sjøauren ikkje kjem seg opp i Kvassnesstemma. På sikt bør også dette elveløpet ordnast slik at sjøauren på nytt kjem seg fram til Kvassnesstemma. Det vil retta opp «gamle synder» gjera området rikare.

Med venleg helsing



Eva Fjeldsbø Jordahl